



Arkivnr: 2017/732-177
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		02.10.2018
Fylkestinget		02.10.2018

Nyval til verv som medlem til fylkestinget og medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling

Samandrag

Gunn Berit Lunde Aarvik gjekk bort 09.06.2018 og på bakgrunn av dette må det gjerast nyval. Lunde Aarvik var folkevald for Arbeiderpartiet. Ho hadde verv som medlem til fylkestinget og verv som medlem til utval for kultur, drett og regional utvikling.

Det må gjerast val til følgjande verv:

- Medlem til fylkestinget ved opprykk
- Medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling

Økonomi: Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta. Utover dette inga effekt.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slike val:

Medlem i fylkestinget ved opprykk:.....

Medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling:.....

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.09.2018

Rettsleg grunnlag:

Reglane om opprykk går fram av kommunelova § 16.

Kommunelova § 16 nr. 2 og nr. 3 lyder:

«2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite og fylkestingskomite trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.»

Det går fram av kommunelova § 16 nr. 2 at når det gjeld opprykk til fylkestinget «*trer varamedlemmer frå vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt....*»
Etter denne regelen vil det skje eit opprykk, rekkefølgen på lista må følgjast.

Kva gjeld Gunn Berit Lunde Aarvik sitt verv som medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling, vert dette regulert av kommunelova § 16 nr. 3. Her kan det «*velges et nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem.*»